



Landbruk  
Kjartan Nyhammer

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1128 - 20/20279

Saksbehandlar:  
Ingrid Raniseth  
ingrid.raniseth@alver.kommune.no

Dato:  
21.04.2020

## Intern høyring - 1. gongs handsaming - Reguleringsplan for Framo Flatøy AS, gnr. 1 bnr. 57 m.fl.

### Bakgrunn

På oppdrag frå Framo Flatøy AS legg Multiconsult fram forslag til reguleringsplan for industriområde på gnr. 1 bnr. 57 m.fl. på Flatøy . Planområdet er på om lag 147 daa og omfattar eksisterande industri sørvest på Flatøy jamfør kartutsnitt under. Området består i dag av trafikkareal, parkeringshus og overflateparkering, produksjonshaller og verkstadbygningar, lagerhaller og kontor- og administrasjonsbygningar samt noko utandørs lager. Heile arealet er i praksis bygd ut og disponeras av Framo AS.



### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Planforslaget legg til rette for utviding av næringsområdet, hovudsakleg med fylling i sjø. Utvidinga skal gje plass til nye produksjons- og lagerbygningar og større utandørsareal som muleggjer betre internlogistikk og sikrare trafikale forhold. Det vert også lagt til rette for ny og større eksportkai.

#### Intern høyring

Kvart fagområde vurderer planforslaget opp mot sitt fagfelt. Til denne planen er det utarbeida konsekvensutgreiinga for desse tema:

- Kulturminne og kulturmiljø
- Landskapsbilete
- Friluftsliv/by- og bygdeliv
- Biologisk mangfald
- Forureining

Vi ber dykk særskilt om å vurdere utgreiinga gjort i samband med KU. Aktuelt planmaterial finn de under journalpost 20/13428.

Frist for å kome med uttale er satt til 12. mai.

Med helsing

Ingrid Raniseth  
Rådgjevar  
Plan og byggesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Kultur  
Landbruk